



Rektor Habib Seif Ali og en kvinnelig lærer ved Paje barne- og ungdomsskule på Zanzibar (til høyre) utveksler erfaringar i arbeidet med inkluderande utdanning med Hanneck Mdoka (til venstre) frå PODCAM i Malawi.



Rektor Habib Seif Ali og



Inngangspartiet til Paje

Besøk på inkluderande skule i Paje

Paje barne- og ungdomsskule ligg i ein kystlandsby på Zanzibar som tilreisande gjernar forbinder med sjø, sand, kiting og late feriedagar. Men for barna ved denne skulen, som ved dei fleste andre skular, handlar kvardagen om å tileigne seg nødvendig kunnskap for gradvis å kunne stå på egne bein.

AV: ELISE BJÅSTAD

Då NFU besøkte skulen var elevane i ferd med å skrive eksamen. Rektor Habib Seif Ali, saman med fire andre lærar, tok seg likevel tid til ein prat om arbeidet med å inkludere alle barn i skulen.

Allereie i 1993 byrja skulen i Paje å legge til rette for inkludering av barn med ulike typar spesielle behov, også barn med utviklingshemning. I 2004 starta ZAPDD eit samarbeid med utdanningsministeriet for å etablere eit

inkluderande skulesystem på Zanzibar. NFU bidrog først med OD midlar og seinare med NORAD midlar. Skulen i Paje blei del av dette programmet, som i følge Habib førte til ei meir systematisk tilnærming til inkluderande utdanning.

Eit viktig grep i arbeidet med å legge om skulesystemet på den tanzanianske øygruppa er opplæring av lærarar. Det muslimske akademiet (CCK) har som del av programmet begynt å tilby eit

eitt-årig sertifikat i inkluderande utdanning. Habib Seif Ali gjennomførte dette studiet etter fullført lærarutdanning. Motivasjonen for å ta denne vidareutdanninga kom då broren til Habib fekk ein son som er blind. I løpet av studieåret lærte han mykje om korleis ulike utfordringar elevlar møter kan handterast i skulekvardagen. Sjølv om viktige steg mot inkluderande utdanning er tatt på Zanzibar, er utfordringane framleis mange. Habib og lærarane



noen av elevane ved barneskolen



barne- og ungdomsskole.

i Paje såg mellom anna behov for ytterlegare opplæring av lærarar.

Mange elevar har fullført skulegang i Paje sidan 1993. Eit viktig mål med utdanning, også for personar med utviklingshemning, er å finne inntektsbringande arbeid der ein får brukt seg sjølv og sine evner. I Paje, som er ein liten landsby, kjenner dei tilsette ved skulen skjebnen til mange tidlegare elevar. Habib kunne fortelle om Ali Abdallah som utdanna seg til mekanikar og fekk jobb som sjåfør på eit av dei mange hotella i Paje, om Ali Ramadan som fekk jobb som sykkelreparatør i lokalsamfunnet, og om Salim Ahmed som blei hyra til å gjere reint i eit av dei lokale butikkane. Alle tre er tidlegare elevar med utviklingshemning, og levande bevis på at inkluderande utdanning kan bidra til å skape eit meir inkluderande samfunn.

Besøket på skulen i Paje var del av partnermøtet på Zanzibar, og bidro til erfaringsdeling mellom samarbeidspartnarane til NFU frå ulike land.

Partner-seminar på Zanzibar

NFU arrangerte nylig seminar for alle partnerne våre på Zanzibar. Hensikten var å bygge opp deres kapasitet på viktige områder knyttet til resultatbasert prosjektstyring.

AV: JENNY SCHANNING

Bakgrunnen for seminaret var at 2014 er det siste året i inneværende rammeavtale med Atlas-alliansen/NORAD. Det betyr at NFU og våre partnere må rapportere om resultater oppnådd i perioden 2010-13, for så å utarbeide nye søknader for vidare støtte i perioden fra 2015.

For å gjøre partnere bedre rustet til å møte disse og liknende prosesser med andre bidragsytere, ble det tatt opp temaer som overordnet strategisk planlegging, resultatorientert prosjektstyring, inntektsbringende arbeid og likestilling. Dette er en del av nøkkelkompetansen en organisasjon må ha for å overleve på lang sikt.

Seminaret ble tilrettelagt av Charles Banda fra Malawi. Han har over 15 års erfaring fra å jobbe med sivilsamfunnsorganisasjoner

generelt og funksjonshemmedes organisasjoner spesielt i det sørlige Afrika. Hans spesialfelt er organisasjonsutvikling, strategisk planlegging, utvikling av refleksjons- og læringssystemer i tillegg til planlegging av bærekraft og inntektsbringende aktiviteter.

Seminaret var praktisk og tilpasset regionale forhold. Banda la vekt på utveksling av erfaringer i tillegg til refleksjon om hvordan deltakerne kunne bruke det de lærte i egen organisasjon.

Evalueringen av seminaret var positiv. Det har kommet tilbakemeldinger fra noen organisasjoner om at de allerede har tatt i bruk den nye kunnskapen. Organisasjonene i Malawi, Nepal og Zanzibar har for eksempel signalisert at de vil revidere sine overordna strategier.



Fra partner-seminaret.